



Anne Dahle Austrheim

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/112 - 18/971

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
23.01.2018

Byggesak Pizzeria Manger - uttale til søknad om serveringsløyve - uttale TFO

Uttale frå teknisk forvaltning angående tiltenkt pizzeria på Gbfnr 45/1/101 – Idrettsvegen 7.

Plan

Gjeldande bygg ligg i område som etter reguleringsplan for Manger sentrum, planid. 12602007000800 har arealføremål forretning.



Utklipp frå reguleringsplan: Tiltenkt pizzeria i bygg F4 med inngang i nordende

Føresegna for forretning:

Bygg innafor senterområdet skal nyttast til næring, men det kan leggjast til rette for ein blanding av funksjonar; handel, service, kontor, bustader og ålmennytige føremål.

Matrikkel

Bygget er matrikkelført som butikk/forretningsbygg med næringsgruppe varehandel, reperatur og motorvogn.

Bygningsrådet

Gjeldande areal i bygget er i sak 26/83, datert 01.02.1983, godkjent oppført som forretningslokale.

Vurdering

Mottatte dokumenter beskriv ein søknad om serveringsløyve med 12 sitjeplassar. Serveringsstad med sitjeplassar for kundar er ikkje i tråd med godkjent bruk av bygningen.

Konklusjon

Det er teknisk forvaltning si vurdering at serveringsstad med sitjeplassar ikkje vil vera i tråd med godkjent bruk og vil krevja bruksendring, jf. plan- og bygningslova § 20-1 d, jf. Byggesaksforskrifta (SAK10) § 2-1.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Stian Marøy
ingeniør/byggesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anne Dahle Austrheim